



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 08.09.2020
Møtestad: Mobrygga
Møtetid: 09:00 - 15:00

Etter formannskapsmøtet vert det arbeidsøkt for planutvalet om planstrategi og gjennomgang av utkast til kulturplan

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
027/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
028/2020	Godkjenning av møteprotokoll
029/2020	Orienteringssaker
030/2020	Avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonkraft for 2021 - 2024
031/2020	Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalde organ i Modalen

Notat frå møtet:

027/2020: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

028/2020: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

029/2020: Orienteringssaker

Behandling:

Ordførar orienterte om følgjande saker:

- Vegutbetringane i Nordhordlandspakken mellom Mo og Romarheim skal etter planen vere ferdige innan 1. okt.
- Kommunen har fått tilbod om 1-2 nye dagar med folkevaldopplæring gjennom KS. Innhald, omfang og evt tidspunkt vert drøfta i kommunestyret.
- TV aksjonen 2020 vert ikkje gjennomført med tradisjonell bøssebæring i år. Det er planar om å gjennomføre aksjonen elektronisk som Spleis aksjon, der ein sender ut informasjon om korleis ein kan gje bidrag.
- Etter informasjon frå ordførar om tilbod om ny samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune gjeldande Invest In Bergen og Etablerersenteret, ga formannskapet eit tydeleg signal om at dette er avtale som Modalen kommune skal underteikne. Ordførar informerte om at dette vil bli gjort påfølgjande dag.

- Modalen og Vaksdal kommunar har saman med Modalen - Eksingedalen Billag tatt initiativ til og hatt møte med fylkeskommunen og Statens Vegvesen om utbetring av fylkesveg 569 mellom Dalseide og Romarheim. Eit av måla er å få vegen definert som omkjøringsveg for E 16. Ordførar er og i dialog med Statens Vegvesen om å ha synfaring på flomutsette vegstrekningar på fylkesveg 569 mellom Mo og Øvre Helland, med mål om flomsikringstiltak.

- Ordførar og rådmann har hatt møte med BKK ang saka om revisjon av konsesjonsvilkår. LVK bistår kommunen i oppfølging av denne saka. BKK heldt på å utarbeide revisjonsdokument til NVE der dei svarer/kommenterer dei innkomne krava. Prosessen vert følgt vidare opp når revisjonsdokumentet er klart, sannsynlegvis rundt årsskiftet.

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om status på prosjektet om nytt Nærings- og tenestесenter på Mo. Rivinga av det gamle kommunehuset går etter oppsett tidsplan, og ein heldt framdriftplanen for nybygget.

Rådmannen orienterte om at ein er i prosess med tilsetjing av ny ungdomsarbeider/ungdomskoordinator. Det er fire søkjarar til stillinga og det vert gjennomført intervju i veke 38.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

030/2020: Avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonkraft for 2021 - 2024

Behandling:

Etter debatt fremma ordførar forlag til nytt alternativt vedtak, som vart teke opp til votering. Ordførar sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Formannskapet sender saka vidare til kommunestyret for handsaming, utan tilråding.

031/2020: Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalde organ i Modalen

Behandling:

Rådmannen orienterte kort om saka.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret vedtek midlertidig forskrift, i samsvar med Kommuneleoven § 11-7, om gjennomføring av fjernmøter i folkevalde organ i Modalen slik den ligg føre.

Forskrifta gjeld fram til 1. aug 2021.
